



Frode Bu er også i gang med SPAR-prosjektet. (Foto: Ola Matit Mathisen)

Nedanfor bustaden sin på Ytre Eik har Frode Bu i Byggpartner Kvinnherad fått godkjent reguleringsplan for fem bustadtomter, ei sjøtomt med plass for nausthytte og ein liten marina, melder Grenda.



Frode Bu har stor og aukande aktivitet i firmaet sitt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Langs riksvegen og i bakken bakanfor blir det plass til tre einebustader og ein tomannsbustad og det blir båt plassar tilgjengeleg for tomtekjøparane. Bustadhusa vert murhus i isolert betong med torvtak og lydisolerte vindauga mot veggen.

Frode Bu er i gang med fleire prosjekt i bygda. Eitt av dei er byggjinga av fem bustader oppå Spar-butikken, alle med veranda, Her var byggjearten for tre veker sidan og i oktober skal bustadene vera klare til bruk.

Bu har no sysselsett fire polske arbeidarar i tillegg til sonen Terje, Tore Ruud og seg sjølv. Han har svært god erfaring med polakkane, som er flinke og pliktoppfyllande.

Bu har no fullført eit bustadhus på Rød og eit bustadhus på Sunde er neste store prosjekt for firmaet.